

# Møteprotokoll

**Utval:** Jostedalsbreen nasjonalparkstyre  
**Møtestad:** Hotell Alexandra, Loen  
**Dato:** 30.10.2017  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:00 (møte i Fagleg rådgjevande utval kl. 17:00-20:30)

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Einar Målsnes	Medlem	Balestrand
Oddmund Klakegg	Medlem	Jølster
Sven Flo	Nestleiar	Stryn
Karen Marie Hjelmeseter*	Medlem	Fylkeskommunen
Marius Dalin	Medlem	Førde
Venke Kollbotn	Medlem	Gloppen

## Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Ivar Kvalen	Medlem	Luster
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	Fylkeskommunen
Jarle Aarvoll	Medlem	Sogndal
Marit Aakre Tennø	Vara	Luster
Odd Atle Stegegjerde	Vara	Fylkeskommunen
Vibeke Johnsen	Vara	Sogndal

## Merknader

\*Karen Marie Hjelmeseter var med på telefon under handsaming av sak 32/17 om Haraldselet, då Sven Flo var inhabil i saka.

Etter styremøtets slutt deltok nasjonalparkstyret på møtet med Fagleg rådgjevande utval fram til kl. 20:30. Middag og overnatting på hotellet. Tysdag 31.oktober var styret og FRU med på den offisielle opninga av driftevegen i Erdalen.

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Maria C. Knagenhjelm	Nasjonalparkforvaltar (sekretær)
Anne Rudsengen	SNO

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_\_Sven Flo\_\_\_\_\_      \_\_\_\_\_Oddmund Klakegg\_\_\_\_\_

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 24/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 25/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 26/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 6/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til helikoptertransport - vedlikehald på brua i Oldeskaret		2017/3228
RS 7/17	Haraldselet på Sunndalssetra gbnr 146 - om veranda og verandadør er i tråd med kommuneplan i Stryn		2017/747
RS 8/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe		2017/2959
RS 9/17	Fjerning av takutstikk på Kolbeinsselet		2017/970
RS 10/17	Visit Sognefjord - masterplan for reiselivet i Sogn		2017/3360
RS 11/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - avslutting av sak - vinkelsliping av berg på Sunndalssetra		2016/1754
RS 12/17	Fråsegn til revidert søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg og bru, Kleivane - Bredesvedene i Briksdalen		2016/3321
RS 13/17	Varsel om søknad om løyve til å lage panoramafilm i deler av nasjonalparken		2017/3489
RS 14/17	Delegert vedtak frå Fylkesmannen i Sog og Fjordane til Bergen turlag for helikoptertransport til Skåla		2017/2814
RS 15/17	Grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjøsnesfjorden		2012/3590
RS 16/17	Avgjerd i klagesak - bygging av DNT-hytte på Sundalssetra		2016/641
ST 27/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege boltar og kjettingar langs stien til Kattanakken		2017/3618
ST 28/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement		2013/3553
ST 29/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2018- 2021		2017/3208
ST 30/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - fornya løyve til landing ved Skålabu 2017-2020 - Bergen og Hordaland turlag		2017/900

ST 31/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - vilkår om vinterstenging av Skålatårnet - Bergen og Hordaland turlag	2013/3607
ST 32/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet/turisthytta/ysteriet til G/bnr 17/3 Andersbruket	2017/2023
ST 33/17	Eventuelt	

## **ST 29/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden. Møtet begynte med filmvisning.

#### **Vedtak**

Samrøystes vedteke.

## **ST 30/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Sven Flo føreslo Oddmund Klakegg til å underskrive protokollen i lag med nestleiar.

#### **Vedtak**

Oddmund Klakegg vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet i lag med nestleiar.

Samrøystes vedteke.

## **ST 31/17 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i -**

## **Drøftings- og orienteringssakar**

1. Nasjonalparkfilmen hadde verdspremiere!
2. Budsjett; status.
3. Status for brukarundersøkinga. Ei større orientering om NiN-kartlegging, sårbarheitsvurdering, med meir, vart lagt fram på FRU-møtet seinare same kveld.
4. Nasjonalparken i media sidan sist. Status på Facebook-oppdateringar.
5. Dagleg leiar på nasjonalparksenteret i Oppstryn har slutta.
6. Byte av representant i FRU for turlaga.
7. Møtepunkt sentra/forvaltar.
8. Kontakt med reiselivet
9. Forvaltarane på vestlandet på samling i Jostedalsbreen np.
10. Fagsamling i Tromsø.
11. Førebelse innspel til tiltaksplanen neste år.

Fleire orienteringssakar vart teke under møtet i Fagleg rådgjevande utval.

## **ST 32/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - varsel om retting - Haraldselet på Sundalssetra**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.10.2017**

#### **Handsaming i møte**

Styret var samde i at det er viktig med likehandsaming i nasjonalparken, og at folk følgjer godt med på kva som skjer. Styret diskuterte faren for presedens, dersom tiltakshavarar skulle få gjere slik dei ønskjer. Tidlegare har folk har teke krav om retting på alvor i likande sakar.

Nestleiar Sven Flo erklærte seg inhabil, og Karen Marie Hjelmeseter var med på telefon under handsaming av saka, slik at styret framleis var vedtaksføre. Oddmund Klakegg var møteleiar under denne enkeltsaka.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre opprettar sak om retting, jf. naturmangfoldlova, og forvaltar følgjar opp saka. Saka om retting gjeld verandadøra.

Samrøystes vedteke.

**RS 26/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om løyve til helikoptertransport - vedlikehald på brua i Oldeskaret**

**RS 27/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - redning på bre, øving med helikopter - Jostedalen alpine redningsgruppe**

**RS 28/17 Visit Sognefjord - masterplan for reiselivet i Sogn**

**RS 29/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - avslutting av sak - vinkelsliping av berg på Sundalssetra**

**RS 30/17 Fråsegn til revidert søknad om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen for bygging av gangveg og bru, Kleivane - Bredesvedene i Briksdalen**

**RS 31/17 Varsel om søknad om løyve til å lage panoramafilm i deler av nasjonalparken**

**RS 32/17 Delegert vedtak frå Fylkesmannen i Sog og Fjordane til Bergen turlag for helikoptertransport til Skåla**

**RS 33/17 Grenseendring for Jostedalsbreen nasjonalpark ved Kjosnesfjorden**

**RS 34/17 Avgjerd i klagesak - bygging av DNT-hytte på Sundalssetra**

**ST 33/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovlege boltar og kjettingar langs stien til Kattanakken**

**Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre melder den/dei som har utført den omfattande boltinga med kjettingar langs stien til Kattanakken, til politiet. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre opprettar i tillegg rettings sak, jf. naturmangfaldlova si § 69, når tiltakshavar er funnet.

**ST 34/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - ulovleg motorferdsel i samband med idrettsarrangement**

**Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Marius Dalin sa at det ikkje var urimeleg at saka blir vurdert, og at det ikkje er greitt for styret å ta seg til rette i nasjonalparken. Sven Flo hadde endringsforslag om å gje Skål Opp ei åtvaring. Oddmund Klakegg sa at nasjonalparkstyret har lagt til rette for dette idrettsarrangementet og at styret var skuffa over at arrangøren ikkje følgjer regelverket. Han sa at det er sterkt med politimelding, og nemnte at Skarverennet vart meldt i fjor for liknande aktivitet. Klakegg sa at tilsvarande saker er meldt av styret før, og at det er viktig med likehandsaming. Einar Målsnes understreka at det ikkje var komme klagar, og at det var viktig om det var persontransport eller ikkje. Fleire var skuffa over at styret ikkje var blitt søkt eller spurt om ekstra løyve. Venke Kollbotn sa at idrettsarrangementet i nasjonalparken i utgangspunktet ikkje var lov, og at styret hadde vore velvillige, men måtte også være konsekvente om noko brøyt reglane.

## **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre utset saka til neste styremøte for å få meir heilskapleg informasjon om motorferdsla til Skåla.

## **ST 35/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2018- 2021**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga. Skrivefeilen i innstillinga skal være to landingar med helikopter, ikkje ein, jf. saksutgreiinga.

## **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlova si § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2018 til og med 2021 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltakarar i konkurranseklassen skal ikkje overstige 800 deltakarar.
2. Deltakarane skal følgje den tilrettelagde stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltakarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltakarane kan halde seg på stien. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggjar eller stavar.
3. Deltakarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld, mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og ev søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast inne i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
5. To landingar (2) innanfor nasjonalparkgrensa med helikopter for frakt av vatn, sikringsutstyr, og anna naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet i løpet av dei fem

vekedagane før arrangementet og to landing (2) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar, og gjeld ikkje persontransport.

6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/ sekretariatet innan 15. september. Rapporten skal beskrive gjennomføringa av arrangementet, og i tillegg tal deltakarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsla, korleis arrangøren ser til at alle føl stien, samt annan relevant informasjon. Når rapporten er godkjent og eventuell ytterlegare informasjon er innhenta om terrenget og stien, kan neste års påmelding bli opna.
7. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og ev lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan to veke etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-11.

I og med at Bergen turlag eig Skålatårnet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av bygningsmassen i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eigedom der løpet passerer. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen og Hordaland turlag og til grunneigarane.

## **ST 36/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - fornya løyve til landing ved Skålabu 2017-2020 - Bergen og Hordaland turlag**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Styret var samd i at det var viktig å unngå flyging i helgar og andre store utferdsg dagar. Styret vil også presisere at Bergen og Hordaland turlag kan søkje forvaltar om ytterlegare helikopterflyging i særskilte tilfelle, jf. delegeringsreglementet, men i utgangspunktet holde seg til den ytre ramma som no er løyvd dei neste fire åra.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Bergen og Hordaland turlag for ytterlegare to turar (2) med helikopter pr. år, i tillegg til dei seks årlege turane som turlaget har i fireårs-perioden 2017 - 2020. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar også perioden som turlaget har høve til å fly, til innanfor den same fireårs-perioden. Bergen og Hordaland turlag fordelar dei åtte turane mellom vår og haust ut i frå eigne vurderingar.

1. Løyvet gjeld inntil åtte landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følgje kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.
2. Løyvet gjeld månadene mai og oktober/november kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdag og offentlege fridagar.
3. Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på åtte turar.

4. Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller seint på ettermiddagen.
5. Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.
6. Statens naturoppsyn ved Anne Rudsengen (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
7. Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
8. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1. desember kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.

Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune, samt grunneigar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår med dette søknaden å nytte laurdagar, sundagar, laurdagar og offentlege fridagar til flyging, av omsynet til friluftslivet, og gir heller ikkje løyve til å fly i juni, juli og august.

## **ST 37/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - vilkår om vinterstenging av Skålatårnet - Bergen og Hordaland turlag**

### **Saksprotokoll i -**

#### **Handsaming i møte**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil invitere Bergen og Hordaland turlag til eit styremøte etter neste års sommarsesong for å evaluere korleis tårnet kan best mogeleg takast vare på. Styret vil ha fukt- og temperaturmålar i tårnet for det neste året, samt ein byggteknisk vurdering. Styret opnar for å forlenge perioden tårnet står ulåst til juni, juli, august og september, ei månad lengre enn innstillinga.

#### **Vedtak**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknaden frå Bergen og Hordaland turlag om å halde Skålatårnet oppe for fyring og bruk heile året, med heimel i byggjeløyvet (styresak 22/15, 4. vilkår) og verneforskrifta. Tårnet kan likevel nyttast til bruk og oppvarming i sommarmånadane juni, juli, august og september. I tillegg vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre konkretisere det 4. vilkåret i sak 22/15 med å låse av ytterdøra til Skålatårnet med hengelås frå 1. oktober til og med mai, men å ha ein tilgjengeleg nøkkel i Skålabu i ei knusbar ramme, slik at ytterdøra på tårnet kan opnast i tilfelle naud. Etter neste års turistsesong vil nasjonalparkstyret ha framlagt ein byggteknisk vurdering av tilstanden til Skålatårnet.

## **ST 38/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - storselet/turisthytta/ysteriet til gbnr 17/3 Andersbruket**

### **Saksprotokoll i -**



### **Handsaming i møte**

Styret ønskja å sikre at bygget ikkje fall ned, og var einstemmig innstilt på å gje løyve til riving og gjenoppbygging av storselet på vilkår at det blir ope for ålmenta.

### **Vedtak**

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre med dette løyve til Anders Folven, til riving/gjenoppbygging av storselet til G/bnr 17/3, Anders-bruket, på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyve til riving/gjenoppbygging av bygget vert gitt på vilkår av at:

- Eit nytt storsel blir bygd identisk med eksisterande bygg, inkludert vindauge og dører.
- Eksisterande bygning blir fotografert frå alle vinklar på førehand og sendt til nasjonalparkforvaltaren.
- Alt rivingsmateriale skal fraktast ut av nasjonalparken og leverast til godkjent mottak.
- Tiltakshavar inngår ein langsiktig avtale med eit turlag, turistforening, organisasjon eller ideell stifting om utleige av storselet for å sikre ålmenta si tilgong til overnatting på Sunndalssetra.

Byggeløvet for det omsøkte bygget gjeld til og med år 2019. Rapport og bilete vert sendt nasjonalparkforvaltaren ved avslutta prosjekt. Material skal lagrast forsvarleg. Søkjar må også innhente løyve til prosjektet etter anna lovverk. Løyve til motorferdsle kan omsøkjast separat.

### **ST 39/17 Eventuelt**

#### **Saksprotokoll i -**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil påverke styresmaktene for å auke kapasiteten i sekretariatet.

### **RS 35/17 Fjerning av takutstikk på Kolbeinsetet**